



Korsnes fekk ballbinge allereie for mange år sidan og den har vorte stadig fobetra (Foto: Thor Inge Døssland)

**Uskedalen Oppvekstsenter og FAU ynskjer å koma med i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet med ein ballbinge.**

**Dei påpeikar at dei i dag har eit lite uteomåde og treng eit slikt supplement..**

Dei har nokre leikapparat, disser, sandkassar og ei grillhytte i tillegg til eit asfaltert område som dei har teikna opp ein basketballbane på. Grusbana til idrettslaget vert i tillegg nytta kvart friminutt. Hadde dei ikkje kunna nytta denne, hadde uteområdet vore for lite.

Området vert omtrent ikkje nytta på ettermiddags og kveldstid, korkje av idrettslag eller andre organisasjonar eller av ungar/ungdom i uorganisert aktivitet

Difor ynskjer oppvekstsenteret og FAU å få på plass ein ballbinge. Dette hadde vore med på å betra tilbodet i friminutta på skulen samstundes som aktiviteten på ettermiddagane og kveldane hadde vore langt større.

Ballbingar/allbingar i andre bygder står sjeldan ubrukt og er utan tvil av dei aller største verkemidla ein kan nytta for å auka den uorganiserte aktiviteten, vert det understreka i uttalen til kommunedelplanen.

Tekst: Ola Matti Mathisen

